

Målprisen for 2023

Odda Mållag deler ut Målprisen ein gong i året. Etter innstilling frå styret, er det årsmøtet i laget som tildeler prisen. Personar, frivillige organisasjonar, offentlege institusjonar, verksemder og næringsdrivande kan vera mottakarar av prisen.

Årsmøtet, 18. februar 2024, vedtok å gje **Målprisen for 2023 til Tale Hauso**. Målprisen, som er eit trykk av Solfrid Aksnes - kalla Bokstavflygarar, vil verta overrekt på ei tilstelling seinare i år.

Grunngjeving

«Blid odding som er friluftsentusiast og i overkant glad i å prata med folk,» står det på internett om Tale Hauso. Nettopp det å vera blid, venleg og hjelpsam, er noko av det som alltid har kjenneteikna Tale. Samstundes er ho uredd når det gjeld å hevda eigne meiningar. Til dette kjem at ho har stor arbeidskapasitet, har gode samarbeidsevner og har solid fagleg bakgrunn.

Etter å ha fullført studiespesialiserande utdanningsprogram ved Odda vidaregåande skule våren 2010, studerte Tale ved Universitet i Bergen frå hausten 2010 og til våren 2013. Frå universitetet har ho bachelor i samanliknande politikk. I perioden frå august 2013 til mars 2014 studerte Tale ved NRK Nynorsk mediesenter i Førde, for å kvalifisera seg til å kunna søkja journaliststilling i NRK. Mediesenteret har mange søkjar, men det tek berre opp fem studentar om gongen. I samband med opplæringa var Tale praktikant ved NRK Hordaland, og ho vart i mars 2014 tilsett som journalist i NRK.

Tale er ein sers dyktig journalist med arbeidsoppgåver både i NRK radio, i NRK fjernsyn og på nettstaden til NRK Vestland. Den faste kontorstaden hennar er i Odda, ved Hardangerkontoret til NRK. I NRK har Tale oppnådd stor tillit og fått krevjande oppgåver. Såleis er ho m.a. brukt som programleiar i Vestlandsrevyen og som programleiar i distriktssendinga til NRK Hordaland. Stundom har Tale også reportasjar i Dagsrevyen. Alt arbeidet Tale gjer i NRK, er grundig og av høg kvalitet.

Tale er ein trygg og medveten språkbrukar - noko som kjem til uttrykk m.a. ved gjennomtenkt ordval og sikker formuleringsevne. Dette gjer seg gjeldande både i munnleg og i skriftleg form. Dei sterke språklege kvalitetane gjer difor Tale til eit framifrå og svært viktig førebilete for språkbrukarar i alle aldrar.

Å få fylgja Tale både gjennom nettstad og gjennom program og andre innslag i NRK radio og i NRK fjernsyn, er ei stor glede. Målprisen er ei påskjøning, for å visa at vi i Odda Mållag set svært stor pris på og er stolte over den verdfulle innsatsen for nynorsk som Tale frå Odda gjer gjennom yrket sitt.

For Odda Mållag

Sigrid Espeland Lerbak
leiar